

Felles Brukarutval i Helse Førde og kommunane i Sogn og Fjordane

| | | | |
|---------------------|------------------------------------------|----------------------------------------|----------------------------|
| Dykkar ref.: | Vår ref.: 2021/981 - 8754/2022 | Sakshandsamar: Marit Kleiven | Dato: 21.02.2022 |
|---------------------|------------------------------------------|----------------------------------------|----------------------------|

Takk for innspel til utviklingsplanen Helse Førde 2035

Utkastet til utviklingsplanen Helse Førde 2035 vart sendt på høyring 10. desember 2021 til 17. januar 2022.

Planen vart vedteken i styret til Helse Førde 28. januar 2022 med dette vedtaket:

1. Styret godkjenner Utviklingsplan Helse Førde 2035 med dei justeringar administrerande direktør har føreslege å ta inn frå høyringsrunden.
2. Utviklingsplanen vert sendt til Helse Vest innan 1. mars 2022.
3. Styret legg til grunn at utviklingsplanen vert fortløpande oppdatert med statusmeldingar, data og andre mindre justeringar.

Her er lenka til utviklingsplanen Helse Førde 2035:

- [Heim - Utviklingsplan 2021-2035 \(google.com\)](#)

Vi takkar for den særskilde grundige tilbakemeldinga vi fekk frå brukarutvalet. Vi har merka oss mange gode og viktige poeng som vi tar med oss vidare i vårt utviklingsarbeid. Ut frå innspela har vi mellom anna justert teksten som gjeld tilbakemeldingssystem, opplæring av pasientar og vi har nemnt pårønderettleiaren frå Helsedirektoratet.

Fleire av område brukarutvalet peikar på omhandlar samordning både internt i helseføretaket og mellom helseføretak og kommunar. Å få til gode pasientforløp mellom nivåa vil det bli jobba med i Sogn og Fjordane helsefellesskap. Vi ser fram til at brukarutvalet deltek aktivt i dette viktige arbeidet framover.

Vennleg helsing
Fag og utviklingsavdeling
Marit Kleiven
Seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent